



Informasjon til;

- deltakarar
- føresette
- funksjonærar

KLUBBRENN SPRINT- LANGELAND SKISENTER

Laurdag 30. januar 2021

Laurdag 30. januar 2021 inviterer Førde IL og Gaular IL til eit koronavenleg klubbrenn i sprint
v/ Langeland Skisenter

STILART: FRITEKNIKK

Arrangementet er ope for klasse 11 år og eldre.

RAMMEPLAN

Klasse	Start prolog, kl. 10.00	Løypelengde	Startkontingent
G 11 år		1,2 km	Kr. 50,-
J 11 år		1,2 km	Kr. 50,-
G 12 år		1,2 km	Kr. 50,-
J 12 år		1,2 km	Kr. 50,-
G 13 år		1,2 km	Kr. 50,-
J 13 år		1,2 km	Kr. 50,-
G 14 år		1,2 km	Kr. 50,-
J 14 år		1,2 km	Kr. 50,-
J 15 år		1,2 km	Kr. 50,-
J 16 år		1,2 km	Kr. 50,-
K 17 år		1,2 km	Kr. 50,-
K 18 år		1,2 km	Kr. 50,-
K19/ 20 år		1,2 km	Kr. 50,-
K senior		1,2 km	Kr. 75,-
K veteran		1,2 km	Kr. 75,-

Klasse	Start prolog, ca. kl. 10.05	Løypelengde	Startkontingent
G 15 år		1,4 km	Kr. 50,-
G 16 år		1,4 km	Kr. 50,-
M 17 år		1,4 km	Kr. 50,-
M 18 år		1,4 km	Kr. 50
M 19/ 20 år		1,4 km	Kr. 50,-
M senior		1,4 km	Kr. 75,-
M veteran		1,4 km	Kr. 75,-



Dette arrangementet er også trening for funksjonærapparatet som skal avvikle NorgesCup på Langeland 12.-14. februar 2021.

Arrangementet vil difor bli avvikla slik.

- 1) Utøvarar i alle klassar går først prolog (jf. distanse på førre side).
- 2) Deretter vert det avvikla kvartfinale, semifinale og finale slik:
 - Gutar klasse 11-14 år og jenter/ kvinner blir i finalane slått saman til ei klasse
 - G15 år og eldre blir i finalane slått saman til ei klasse.

TIDSPLAN – SJÅ EIGE VEDLEGG

INTERVALLSTART I PROLOG

Intervallstart, 15 sek.

STARTLISTE

Startliste vert publisert i framkant av arrangementet på [Førde IL Langrenn sine nettsider](#) og Gaular IL Langrenn si [facebookside](#).

PÅMELDING

Via Min idrett:

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/terminliste/arrangement/?eid=365580>

Frist: 28.01.2021, kl. 23.59

NB! Hugs at alle føresette må melde seg på arrangementet. Dette er svært viktig slik at arrangøren på førehand har oversikt over tal personar som kjem til å vere tilstades i samband med arrangementet.

PARKERING

Om ein ikkje har årskort betalar ein for parkering ved skisenteret sin automat.

STARTNUMMER

Startnummer hentar ein i garasjen/ kjellaren i det nye arenabygget.


FUNKSJONÆRAR

Funksjonærar/ løypevakter tek med eigen refleksvest.

NB! Alle funksjonærar/ løypevakter skal bruke munnbind. Munnbind får ein utlevert i garasjen/ kjellaren i det nye arenabygget ved ankomst.




LØYPEKART, G11-14 år, J/K





LØYPEKART, G15 år og eldre





SMITTEVERN, COVID-19

Førde IL og Gaular IL gjer sitt ytterste for å få til ei så god og trygg gjennomføring av arrangementet som mogleg.

Føresetnaden for at ein kan arrangere karusellrennet, er at alle følgjer utarbeida reglar og rutinar for smittevern.

Deltakarar og føresette skal komme til arenaen så tett opp mot stipulert starttid som mogleg. Dette for å unngå større ansamlingar. Ein oppmodar om maks 1 føresett per familie.

Har du symptom på luftvegsinfeksjon og Covid-19 skal du ikkje møte opp på arrangementet. Symptoma kan vere vondt i halsen, forkjølelse, hoste, følelse av sjukdom, feber, hovudverk, magesmerter, muskelsmerter og tap av smak- og luktesans. Alle som er tilstades på arrangementet har eit sjølvstendig ansvar for å ikkje dersom ein har symptom.

Ein oppmodar om at alle praktiserar god håndhygiene.

Alle skal halde avstand – hugs regelen om 1 meter avstand.

Det er ikkje høve til å opphalde seg inne i skihytta eller arenabygget, med mindre ein må bruke eitt av toaletta i skihytta.

Deltakarar og føresette skal forlate Langeland Skisenter straks etter målgang.

Alle (funksjonærar, deltakarar og føresette) må registrere seg med bruk av NIF sin qrona-app ved ankomst skisenteret (qr-kode). Dette er svært viktig m.o.t. ev. smittesporing.

Ein minner elles om at kafeen i skihytta vil vere stengt.

Vel møtt til skirenn på Langeland!

ARRANGØR:

Førde IL og Gaular IL